

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kjerringøy.

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Os.

Oppskr. av: E. Tidemann,

Gard: Strandå.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 , Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er født 25.mars 1883.Har vore fiskar,bonde og lærar.

## SVAR


Å skriva noko om julenissen er rådløst for meg. I barndomsheimen min, i grenda, ja eg trur seia i heile bygda, var det ikkje tala om julenisse. Det var heller ikkje då nokon vanleg skikk å gje julegåve, og difor var det nok heller ikkje bruk for nokon julenisse.

I attahårsalderen kom eg ut av heimbygda og har "i embets medfør" levd stuttare og lengere tid i ymse bygder i Nordland. Men eg har ikkje råka på julenissen i nokon av bygdene.

Her i Kjerringøy er det ikkje heilt fritt. Men det er først no i dei seinare åra at det i ei einskild grend har vore leika julenisse. Men korleis han har stasa seg til og kva oppgåve han har hatt som julenisse har eg ikkje fått heilt klårlagt. Og når det ikkje kan bli rekna som nokon skikk har det vel ikkje nokon etnologisk tydnad.

Det same som er sagt om julenissen kan og bli sagt om julebukken. Eg kjenner til ordet. Men det vert i folkelivet meir bruka som skjelsord. Å æra ein mann med namnet jukebukk vil ikkje bli tatt nådig opp. Sume skremer ungane med julebukken. Er dei ikkje snilde kjem julebukken og tek dei. Eller held dei ikkje stilt no vert dei kasta ut til julebukken. At julebukken har vore til ein gong langt att i tida skulle desse utsegnene tyda på. Men om han har vore til ein gong så er han longe sidan død og gravlagd. Berre veike ordtak lever.

Kjerringøy i januar 1951



5204

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Betal helst til  
postgirokonto  
nr. 953 33

Emnenr.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kjerringøy

Emne: Julenissen.

Bygdelag: Strandå og Os.

Oppskr. av: E. Tidemann

Gard: ~~48~~ Stranda.

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter heimelsmannen  
Nils Johansen, Strandå, Kjerringøy.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Straks mannen kom heim att frå Lofoten søkte eg han og han fortalde:

Det er no ikring 10 år sidan han tok til å gå julenisse. Han tok då ut på ferda ikring klokka 16 juleftan. Men før han gjekk heimanfrå hadde han samsnakka seg med foreldra i dei husa han skulle vitja. Kvar skulle ha laga ferdig sine julepakkar og lagt dei på ein avtala plass så han som julenisse lett kunne finna dei. Sjølv tok han med seg ein stor og god sekk til å ha pakkane i.

Før han gjekk kledde han seg ut som nisse. Han hadde ei blå knebukse med kvitt frynsa band om foten i hossbandstaden. Han hadde raud vest og kvit trøye, og på føtene skallar (finnsko). Før andletet hadde han maska, anten var ho av dei vanlege julemaskane eller han laga ei sjølv. Då bruka han kvit sauuld til skjegg. På hovudet hadde han strikka ~~XX~~ raudhuve pynta med raudt kreppapir. I han da hadde han ein heller lang stav.

Slik rusta drøg han ut og byrja sine innsteg i ein utkant av grenda. Først var han og sank inn ~~XXXX~~ julepakkar til han kunne ha tunnsekken full og så gjekk han til den første huslyden. Der banka han på og steig inn. Var ikkje lyden vitra om at han skulle koma kunne kjerringa eller ungane bli redde med det same han kom inn. Han helsa høvisk goddag og sa: "Eg er julenissen som er kåra til å bera fram julehelsing på denne staden og ynskja fred og signing med jula. Så har eg med frå nissane ei lita julegåva om dekk ikkje vil førsmå." Og under ymse faktar og mykje prat vert så sekken tømt på golvet, pakkane til dei der i huset leita fram og etla ut.

Anten han var venta eller han kom uventa vart han godt mottatt, men noko traktering kunne det ikkje bli tale om til det var tida før knapp. Men av og til kunne det vanke eit glass vin eller ein dram, helst likør.

Såleis gjekk då ferda frå stua til stua til gaman både før seg sjølv og grannane sine. Grenda er ikkje så reint ~~IIII~~ lita så han kunne vitja 10 til 12 huslydar og ikkje koma heim til seg sjølv før i 7-8 tida om juleftan.

Han har ikkje læika julenisse utanfor si eiga grend. Eg kjenner heller ikkje til at det har vere læika julenisse i andre grender her i bygda.

Kjerringøy i april 1951.

5204

E. Tidemann